



Nye Sogndal kommune

Saksnr.
18/254-7

Eining/avd/saksh.
FELLESN//20MARHA
G

Arkiv

Dato
20.12.2018

Referat frå møte i administrativ arbeidsgruppe for personell 13. november 2018

Til stades:

May Sirikit Bakke/HTV, Bente Bakke, Sissel Foss, Gunveig Foss, Bente Kristin Sæhl, Alf Høyrem, Dagrun Røysum, Christian Kleiven og Marit Hagevik

Meldt forfall:

Siv Laila Eriksen/HTV

Referent: Marit Hagevik










Agenda:

RETNINGSLINER

Dei tre personalleiarane gjer greie for dei 9 ferdigstilte forslaga til reglement. Arbeidsgruppa er einig i at Marit Hagevik i møte med administrativ styringsgruppe 14. november 2018 får avklart korleis arbeidsforma skal vere. Spesielt med tanke på reglement som vil ha særskilt interesse for tilsette – samt kunne ha økonomiske konsekvensar. Eksempelvis i høve uniformsgodtgjersle, bilavtale, telefonavtale etc.

Arbeidsgruppa opprettheld eksisterande arbeidsform der dei tre personalleiarane fortsatt skal produsere reglement/dokument for utgreiing i arbeidsgruppa. Alle medlemmane av arbeidsgruppa vil verte informert om tidspunkt for arbeidsmøte som personalleiarane vil ha framover.

Personalleiarane har etter avklaringsmøte i arbeidsgruppa ferdigstilt forslag til følgjande reglement:

-  Arbeidsreglement
-  Avvikling av ferie
-  Etiske retningslinjer
-  Konflikthåndtering
-  Oppfølging av lærlingordninga
-  Plan for oppfølging av sjukmelde
-  Reglement for arbeidstøy
-  Varsel om opphøyr av mellombels tilsetjing
-  Varsling

Av desse vil det vere naturleg at reglement for arbeidstøy vert gjenstand for drøfting i administrativ styringsgruppe. Dette då det på dette området ligg føre ulike praksis i dei tre kommunane, er eit område der tillitsvalde har drøftingsmoglegheit – og mogleg forhandlingsrett. Det har vore noko usikkert om absolutt alle reglement skal vere gjenstand for drøfting i

administrativ styringsgruppe og Marit Hagevik vil ta dette opp i styringsgruppa sitt møte 14. november 2018 for endeleg avklaring. Ho vil difor sikre alle ferdigstilte dokument, presentert i dette møtet.

Personalleiarane vil i sitt neste møte gjere klar utkast til retningsliner for:

- Livsfase
- Telefonavtale
- Bilavtale
- Handtering/førebygging av vald og truslar overfor tilsette
- Rekruttering / tilsetting
- Opphøyr / endring av arbeidsavtalar
- Retningsline bedriftshelseteneste
- Databriller
- AKAN
- Velferdstiltak
- Medarbeidarkartlegging

Dokumenta vil verte sendt medlemmane i arbeidsgruppa for vurdering og eventuelle innspel fortløpande. Marit Hagevik vil sikre reglementa presentert og vurdert i administrativ styringsgruppe – i tråd med dei føringane som vert beslutta i deira møte 14 november 2018.

INNPLASSERING AV TILSETTE

Det vart i møtet informert om framdrift og arbeidsform i omstillingsutvalet knytt til utarbeiding av standard kontraktsmal for tilsette i nye Sogndal kommune, tilpassa og differensiert etter stillingsgrupper. I fyste omgang vert desse no tilpassa rektorar og barnehagestyrarane. Vidare vart det informert om omstillingsutvalet sin tilnærming til innplassering av tilsette der vi har 3 av «same sorten» og at dei her gjer bruk av eksternkonsulent Gro Mykkeltvedt for å kvalitetssikre prosess.

Arbeidsgruppa vil få tilsendt oversikt over aktuell tilsetteporteføljen knytt til slike potensielle duplikatstillingar. Omstillingsutvalet vil og ta omsyn til det å rekne på kostnadsbilete i denne samanheng med tanke på innplassering av dei som, etter prosess med Gro Mykkeltvedt, ikkje skal ha funksjon som:

Arkivleiar

Leiande helsesøster

Kommuneoverlege/helsesjef

Servicetorg/tenestetorg → Innbyggjartorg

Fagleiar/avdelingsleiar løn – **avklare med økonomisjef og prosjektrådmann før handtering.**

Politisk sekretær

Personvernombod

Forslag til organisering av løn- og personalfeltet

Det er tillagt den administrative arbeidsgruppa for løn- og personal (i mandatet) å kome med forslag til organisering av personalfeltet. Med tanke på at det nå, frå prosjektrådmann, er gått ut eit forslag til administrativ organisering med høyringsfrist 20. november 2018 ønskjer gruppa å få kome med innspel som det vert teke omsyn til i arbeidet med endeleg administrativ organisering for nye Sogndal kommune.

Arbeidsgruppa ser det som greitt og naturleg at personaleininga er lagt til fellesområdet slik som det går fram av forslaget frå prosjektrådmann.

Likeeins at ein har organisert personaleininga med eigen personaleiar.

Gruppa ser det likevel viktig å kommentere forslaget om å overføre lønsrelaterte oppgåver/lønnspersonell til økonomieininga.

I Balestrand og Leikanger er lønspersonell organisert under økonomieiningar og samlokalisert med personaleininga, medan dei i Sogndal er organisert under personaleininga i stab- og støtte og samlokalisert med økonomieininga.

Arbeidsgruppa for løn- og personal ser omtalte samlokalisering av dei to områda som ein viktig årsak til at løns- og personalområdet har ein kvalitetssikra praksis.

Arbeidsgruppa for løn- og personal ser det, i utgangspunktet, som tenleg at lønsarbeidet vert lagt til personaleininga i nye Sogndal kommune. Dette spesielt om ein tenkjer å flytte økonomieininga organisatorisk dit prosjektrådmannen skal sitte og bort frå personaleininga. Altså at ein splittar opp dei to einingane.

Vi har forstått det slik at arbeidsgruppe for økonomi meiner motsett, at lønsoppgåver/lønspersonell bør ligge under økonomieininga.

Arbeidsgruppa for løn- og personal ser behov for at dei to arbeidsgruppene samhandlar om saka, og sikrar felles forståing for kva oppgåver som skal ligge kor i dei to einingane før endeleg innspel vert sendt prosjektrådmann innan frist 20. november 2018.

Vi finner det spesielt viktig å sjå på arbeidsdelingane mellom dei to einingane for å sikre kvalitet og kostnadseffektivitet, likeeins vurdere konsekvensar av dei ulike modellane og sjå desse i samheng med ein arbeidskvardag og eit arbeidsmiljø for tilsette.

Arbeidsgruppa ber Marit Hagevik om å ta initiativ til eit slikt møte mellom dei to gruppene snarast – ved å avklare moglegheit for å delta i arbeidsgruppa for økonomi sitt møte 14. november 2018.